Vamp spelte for 900

Vamp er framleis like populære, 26 år etter dei starta opp. Tysdag og onsdag spelte eit band i toppform for to smekkfulle hus i Riddersalen.

Det var vore mange utselde kulturarrangement på Baroniet i sommar. Vamp var sjølvsagt ikkje noko unnatak. 2 x 440 personar fekk med seg konsertane, og Reidar Nedrebø på Baroniet opplyser at dei kunne ha seld ut éin til.

Grenda såg Vamp sin konsert tysdag kveld. Det var mykje summing på Haugesunds-dialekt i salen, så tydelegvis hadde mange frå heimbyen teke turen til Rosendal. Og det eldre ekteparet som sat på sida av journalisten hadde kome eins ærend frå Kragerø for å nyta kombinasjonen Baroniet og Vamp.

– Baroniet er berre praktfult, sa kona som hadde teke initiativet til turen.

Progrock

Dei frammøtte fekk høyra eit orkester som har endra seg stilmessigt dei siste åra. Kjernen er framleis i den irske folkemusikken, men det har også blitt meir reinspikka rock på setlista. Og i Vamp sin mest intense song, «Maleren» frå 1994, flørtar dei også med progrock, ikkje minst på grunn av det steintøffe orgelet til Lars Eirik Støle og gitaren til Bjørn Berge. Denne utviklinga er utelukkande positiv.

Men publikum fekk også høyra mange av Vamp sin velkjende balladar. Både «13 humler», «Hallo - adjø», «Kim du nå va?» og den underskjøne «På bredden» stod på menyen. «Tir n'a Noir» er eigentleg fullstendig ihelspelt, men trass i at gruppa sikkert har framført songen tusen gonger, makta dei å levera ein gripande, flott versjon.

Spelesugne

Vamp verka svært spelesugne for anledninga, og musikarane såg ut til å kosa seg storleg på scena. For tilhøyrarane var det spennande å følgja dei stadige skifta i instrument og vokalistar. Det er utan tvil ein særs allsidig gjeng høvdingen Øyvind Staveland (fiolin, fløyter, trekkspel, vokal) har med seg. Både Jan Toft (vokal, akk. gitar), Bjørn Berge (el. gitar, banjo), sonen Odin Staveland (trommer, vokal, piano, trekkspel) og Lars Eirik Støle (orgel, trekkspel) var sentrale på scena, medan bassist Kjetil Dalland heldt seg i bakgrunnen.

Konserten avslutta med «Månemannen», men publikum var raskt på beina og forlanga meir. Det fekk dei i form av «Øyentrøst» og «Liten fuggel». Sistnemnde vart motteken med stor jubel.

– Dette var vel verdt sju timar i bil, sa dama frå Kragerø på veg ut døra.

Morten Nygård
morten@grenda.no

I ein eigen klasse

Mari Boine og bandet hennar heldt ein svært bra konsert i Riddersalen.

Frå den aller fyrste takten på den akustiske gitaren, vart publikum teke inn i Mari Boine og bandet hennar sitt magiske og stemningsfulle musikalske landskap.

Torsdag kveld heldt Mari Boine sin tredje konsert i Rosendal, men det var sjølvsagt fyrste gong i den nye Riddersalen.

– Veldig hyggeleg å få spela her igjen. Er det tre år sidan sist? spurde ho, og hugsa rett.

– Var de her då? la ho smilande til, og fekk respons frå ein del av tilhøyrarane. Riddersalen er mykje større enn Borggården, der ho opptredde førre gong, så det var nok ein god del som opplevde Boine «live» for fyrste gong. Og med 430 frammøtte var salen nesten fylt til randen. Det var nok ingen som angra på at dei tok turen.

Boine starta konserten med ein «gamal» song. Ho forklarte at mange er forvirra over at ho nyleg har gitt ut ei plate med engelske tekster, og ynska difor å slå fast med ein gong at ho på ingen måte har slutta å synga på samisk.

– Men eg har lenge hatt lyst å utfordra meg sjølv og mitt publikum. Når ein har blitt 60, så skal ein jo våga seg ut på tynn is, sa ho.

Gula Gula

Konserten baud uansett på ei fin blanding av kjent stoff og nytt frå plata «See the Woman». Songar som den rolege «Today starts now», med tekst av ein australsk autist, og rytmiske «2-4-6-7-8-9 in One» fungerte nydeleg i denne settinga. Likevel var det kjente meisterverk som «Å spørje vinden», «Gula gula» og ikkje minst «Ørnebror» som verkeleg greip tak i forsamlinga.

Konserten vart avslutta med «This is My Heart». Etter stående applaus gav ho til beste to rolege ekstranummer. Denne fantastiske kvelden i Riddersalen hadde Mari Boine med seg Georg Buljo på gitar, Svein Schultz på bass, Benjamin Mørk på keyboard og Aleksander Kostopoulos på trommer.